

Andeløpsvinnarar og andre premierte.

10.06.2017



Andeflokkens nærmest mål.

Andeløpet vart i år arrangert for 10. gang, og arrangørane kunne glede seg over at absolutt alle andelsbreva vart sett ut. Løpet starta ved at endene vart sleppt ut nedanfor Djupehølen, og mange av dei viste gode form og hadde god fart nedover elva. Mykje folk var samla i målområdet for å følgja innspurten.



Måldommarane i Andeløpet har full kontroll

Det var eit flott syn då flokken av gule symjefuglar nærma seg mål i relativt god fart. Andeeigarane på land var naturleg spente, og minte mest om hesteeigarar på ein travbane. Ei and hadde rive seg laus frå hovudfeltet, og

braut målstreken med relativt klar margin. Deretter fulgte endene ganske tett, men dei drivne måldommarane og sekretariatet hadde full kontroll. Dermed enda løpet med følgjande rekkefølge som gav desse fine premiane:

1 og vinnar av gassgrill, verdi 4000,-kr: Asbjørn Sæle

2 og vinnar av hagegruppe, verdi 4000,-kr: Nora Tungesvik

3 og vinnar av bålpanne, verdi 2290,-kr: Emma M. Smith

4 og vinnar av bålpanne, verdi 2290,-kr: Gunvor Myklebust

5 og vinnar av krabbekokar m/panne, verdi 950,-kr: Anja Måkestad Smith

Vi gratulerer vinnarane og takkar resten av deltakarane for god innsats og spennande minuttar. Andeløpsstatistikar Kurt M. Haugland kunne meldha om at det var godt mogeleg at det var eit rekordløp.

Det var fleire vinnarar! Det vart tippa vekta på godteri. Rett svar var 836 gram, og vinnar vart Elisabeth Steinsvik som tippa nærmast med 826 gram.

Det var putball-konkurranse. Her var det to vinnarar som begge hadde 300 poeng. Det var Tobias Sætre Bjelland og Mats Eidsvik.



Gina Hella Berge-Soldal har det travelt med å setja saman stormkjøkken med Veslemøy Haugland tar tida.

Den nye ungdomsgruppa i Kvinnherad turlag, DNT Ung, hadde også ein kjekk konkurranse. Den gjekk ut på å setja opp stormkjøkken og pakka det saman att på kortast mogeleg tid. Marianne Korsvoll klarte dette på ufatteleg raske 23 sekund, og vann dermed stormkjøkkenet. For underteikna verka dette resultatet uoppnåeleg. Eg kom over minuttet, men med tynnare fingrar skulle eg nok klart å pressa tida betydeleg ned. Men 23 sekund, - aldri...

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.